

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 31.05.2021

SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut

SAKA GJELD: Oversikt over høyringar

ARKIVSAK: 2020/1171

STYRESAK: 047/21

STYREMØTE: 16.06.2021

Administrerande direktør si orientering pkt. 3

Mottatt	Saka gjeld	Svarfrist	Status
05.05.21	<p>Høying av utkast til strategi for forskarrekryttering og karriereutvikling</p> <p>Som ei oppfølging av rapporten "Stillingsstruktur ved universitet og høgskular" frå eit utval leia av prof. Arild Underdal, har regjeringa vedteke å legge fram ein strategi for forskarrekryttering og karriereutvikling.</p> <p>Med strategien ynskjer departementet å vidareutvikle verkemidla retta mot unge forskarar og understøtte arbeidet blir gjort ved institusjonane.</p> <p>Ein viktig del av strategiarbeidet har vore å etablere eit betre kunnskapsgrunnlag om karrierevegane til unge forskarar. På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har NIFU gjennomført ei undersøking om karrierevegane til doktorar og ei kartlegging av bruken av postdoktorstillinga. Kunnskapsgrunnlaget har vore viktig for utviklinga av innsatsområda, tiltak og oppfølgingspunkt i strategien.</p>	16.06.21	Vi forbereder eit høyingssvar koordinert med HF.
03.05.21	<p>Høying - NOU 2021: Myndighetene si handtering av koronapandemien</p> <p>Justis- og beredskapsdepartementet sender Koronakommisjonen sin rapport på høying. Dei ber spesielt om synspunkt på oppmodingane og læringspunktene til kommisjonen.</p>	17.06.21	Vi forbereder og koordinerer innspel med SAV.

Mottatt	Saka gjeld	Svarfrist	Status
v03.05.21	<p>Høyring av forslag til endringar i eigenbetalingsforskrifta</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet viser til brevet frå Kunnskapsdepartementets 27. april 2021 om offentleg høyring på forslag til endringar i forskrift om eigenbetaling ved universitet og høgskular. Forslaget opnar for at statlege universitet og høgskular i større grad kan tilby utdanningar mot eigenbetaling. Dette er særleg tilrettelagt for personar med arbeidserfaring.</p>	27.07.21	Sendt HF-a, SAV og HVIKT Vi forbereder og koordinerer innspel
22.04.21	<p>Høyring - Forslag til forskrift om løysing for å gjere helsedata tilgjengeleg - Helseanalyseplattformen og Helsedataservice</p> <p>Det blir føreslått ei forskrift som skal regulere etablering, forvaltning og utvikling av ei nasjonal løysing for tilgjengeliggjering av helsedata. Dette til bruk i statistikk, helseanalysar, forsking, kvalitetsbetring, planlegging, styring og beredskap.</p> <p>Formålet er å fremja helse, førebygge sjukdom og skade og gi betre helse- og omsorgstenester. Forskrifta skal fastsetjast med heimel i den nye helsereserveova § 20 som regulerer etableringa av ei nasjonal løysing med ein forvaltningsfunksjon og ei teknisk løysing for tilgjengeliggjering av helseopplysningar frå helsereserve til sekundærbruk.</p>	13.08.21	Sendt HF-a og SAV Vi forbereder og koordinerer innspel
24.03.21	<p>Utgreiling om organisering av luftambulansetenesta</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet sender utgreiling om organisering av luftambulansetenesta på høyring.</p> <p>Mandatet til ekspertgruppa har mellom anna vore å greia ut modellar for framtidig drift av den operative delen luftambulansetenesta (ambulansefly og ambulansehelikopter) og beskriva fordeler, ulemper og risiko ved dei ulike modellane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dagens modell, betringsmoglegheiter av denne • Modell med offentleg drift • Modell med drift av ideelle aktørar <p>Ekspertgruppa har i tråd med mandatet greidd ut tre modellar for drift av luftambulansetenesta, og har komme med tilråding om framtidig modell. Departementet ønsker at interessentar kommenterer vurderingane i ekspertgruppa av dei ulike modellane.</p>	25.06.21	Sendt HF-a Vi forbereder og koordinerer innspel med HF. Saka kjem først i leiar møte og direktør møte før styrebehandling i juni.

Mottatt	Saka gjeld	Svarfrist	Status
18.03.21	<p>Høyring av rapportar frå Sysselsetjingsutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • NOU 2019: 7 Arbeid og inntektssikring <ul style="list-style-type: none"> – Tiltak for auka sysselsetjing • NOU 2021: 2 Kompetanse, aktivitet og inntektssikring <ul style="list-style-type: none"> – Tiltak for auka sysselsetjing <p>Sysselsetjingsutvalets arbeid er delte i to fasar.</p> <p>Sysselsetjingsutvalet si ekspertgruppe vart oppnemnd 12. januar 2018 for å analysere utviklinga i sysselsetjing og mottak av inntektssikring og foreslå tiltak for at fleire kjem i arbeid.</p>	17.06.21	Vi forbereder eit høyringssvar koordinert med HF.